



SPJELKAVIK KYRKJE

Spjelkavik kyrkjelyd ønsker deg velkommen som

konfirmant

skuleåret 2018-2019

1. **Foreldremøte** – informasjon om konfirmasjonstida: **tysdag 5. juni 2018 kl. 20:00**
2. **Registrering på internett** (opnar etter møtet): **innan måndag 11. juni**
3. **Innskriving med oppmøte**: **tysdag 12. juni eller torsdag 14. juni (kl. 17:00-20:00)**

Vi håper du har fått brosjyren **KONFIRMANT 2019** i posten. Den ser slik ut:

I den brosjyren eller på konfirmant.no kan du lese om kva det vil seie å vere konfirmant og kva det vil seie å bli konfirmert i Den norske kyrkja. Det kan hjelpe deg til å velje om du vil bli konfirmert.

I dette brevet kan du lese om kva du kan gjere som konfirmant i Spjelkavik kyrkjelyd.



Konfirmantopplegget i Spjelkavik

Om lag halvparten av konfirmantopplegget i Spjelkavik er likt for alle. Resten av opplegget er forskjellig for dei ulike gruppene.

Alle konfirmantane er med på:

- Presentasjonsgudsteneste, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste
- Ei gudsteneste med ministrantteneste (gjere enkle oppgåver)
- Fire andre gudstenester
- Gudstenesteseminar, nødhjelpseminar, nattcup, gospelnight
- Innsamlingsaksjon (bøssebæring) for Kirkens Nødhjelp

Gruppeopplegg:

LEIR-konfirmant: 96 plassar

- 4 døgn på leir: Bjorliheimen 5.-9. okt. 2018
- 2 laurdagar på våren
- 1-2 andre samlingar
- Pris: kr 2500,- (pluss reise)


Her trengs hjelp frå foreldre til nattevakt og aktivitetar.



KYRKJE-konfirmant: 60 plassar

- Samlingar i kyrkja etter skuletid (ca. 16 samlingar)
- Pris: kr 800,-

Kvar samling vil vare ca. 2 timar og inneheld undervisning, film, enkel servering og ulike aktivitetar. Samlingane blir ca. annakvar veke.



KRIK-konfirmant: 30 plassar

- Samlingar i gymsal, i kyrkja og ute (ca. 16 samlingar)
- Overnattingstur
- Pris: kr 1000,- + medlemsskap i KRIK

Samlingane vil innehalde både idrettsaktivitetar og undervisning.

For å vere KRIK-konfirmant må ein vere medlem i KRIK, det kostar 100kr per år.

Dei som ikkje er med i KRIK frå før, betalar 100kr i tillegg til konfirmantavgifta for å melde seg inn.

Les meir på

www.krik.no.

KRIK
KRISTEN IDRETTSKONTAKT

Tilpassa opplegg *plass etter behov*

Nokre treng eit opplegg som er meir tilpassa enn dei gruppevala som er presentert i denne brosjyren. Uansett funksjonsevne har alle rett til ein god konfirmasjonstid. Vi har god erfaring med ulike alternativ. Ta kontakt etter registreringa.

Eksterne opplegg *plass etter ønske*

For dei som vil bli konfirmert i Spjelkavik kyrkje, men har lyst til å følgje eit anna konfirmantopplegg (for eksempel hos Misjonssalen, eit bedehus eller pinsekirka) så kan ein få godkjend dette som ein del av konfirmasjonstida i Spjelkavik kyrkjelyd. Ein må sjølv melde seg på til opplegget og ein må sjølv skaffe attest på oppmøte derifrå. Konfirmantane er med på fellesopplegget i Spjelkavik . **Pris: kr 300,- til Spjelkavik kyrkjelyd + prisen for eksternt opplegg (eksempel: KonFu kostar kr 1600,-)**

NETT-konfirmant:

- Nettundervisning (10 tema)
 - Pluss oppstart og avslutning
- Kombinerast med ei av aktivitetane nedanfor (ulik pris)



TUR (NETT):

20 plassar

- Turar ca. 1 gang i månaden
- Overnattingstur i telt/lavvo
- Pris: kr 1000,-

Spesielt for deg som er interessert i turar til fots og på ski, i skog, i fjell og på vatn. Her treng vi foreldre med på turane.

KLATRING (NETT):

15 plassar

- Klatring inne og ute.
- Pris: kr 1000,-

Opplæring i klatring og sikring. Du lærer å sikre andre i klatreveggen (topptaukort). Også open for deg med klatreerfaring frå før.

PRAKSIS (NETT):


20 plassar

- Praksis i Spjelkavik kyrkjelyd (ca. 15 timar)
- Pris: kr 800,-

Ein kan velje mellom 3 praksisområder: CANTUS (hjelp til på øvingane til barnekor for små barn), CREW (styre lyd og PowerPoint) og DIAKONI (hjelp til på ulike arrangement/hyggetreff saman med diakon/kyrkjelydspedagog).

Changemaker (NETT):

15 plassar

- 3 samlingar med/om Kirkens Nødhjelp og  **CHANGEMAKER**
- 1 av dei med overnatting i «slum-by»
- Pris: kr 900,- + medlemsskap i Changemaker

Spesielt for deg som er opptatt av ting som fattigdom og klima og ønsker å jobbe for ein meir rettferdig verden.

Changemaker er Kirkens Nødhjelp (KN) sin ungdomsorganisasjon.

Les meir på
www.changemaker.no

AKTIV (NETT):

plass etter ønske

Er du allereie med i KRIK, kor, klubb, speider eller anna kristent ungdomsarbeid så kan du få dette som ein del av konfirmasjonstida di.

- Din aktivitet (minst 15 timar oppmøte)
- Pris: kr 600,-
- + eventuelle utgifter til aktiviteten din.



VELKOMEN TIL EIT LÆRERIKT ÅR SOM KONFIRMANT!

Konfirmasjonstida er eit tilbod til alle, uansett kva ein i utgangspunktet tenkjer om å vere kristen. Undervegs er vi saman om viktige spørsmål og tankar om Gud, verden, deg sjølv og andre menneske.

DÅP OG KONFIRMASJON

Ein må vere døypt for å bli konfirmert. For dei som ikkje er døypt arrangerer vi eit eige dåpskurs på hausten med sikte på dåp søndag 18. november 2018. Kurset er på 4-5 samlingar i tillegg til dei andre konfirmantsamlingane.

FORELDREDELTAING

De som foreldre er også ein del av konfirmasjonstida. Spesielt på leir og tur har vi behov for foreldre. Det er også behov for foreldredeltaking på nokre gudstenester, på kyrkjekaffi og på store fellesarrangement, til dømes seminar, nattcup, gospelnight og fasteaksjon. Dette gir positive opplevingar i konfirmasjonstida, både for konfirmantar og vaksne. Ver med konfirmantane på gudstenester og følg dei opp slik at dei føler at konfirmasjonstida er viktig.

PÅMELDING

1. Informasjon for foreldre/føresette: **tysdag 5. juni kl. 20:00** i kyrkja.

2. Registrering av opplysningar både om konfirmanten og foreldra skjer på internett etter informasjonsmøtet. På <http://spjelkavik.menighet.no/> finn du informasjon om kva du skal gjere for å registrere deg som konfirmant.

Dersom de ikkje har anledning til å registrere dykk på internett: ta direkte kontakt med kateketen.

3. Konfirmanten og ein av foreldra møter opp på innskrivingsdagen. For å unngå for lang kø har vi delt inn oppmøte etter etternamn (sjå tabellen til høgre).

På innskrivingsdagen kontrollerer vi at opplysningane frå registreringa stemmer og vi tar oss ein kort prat om konfirmasjonstida.

Deretter skriv konfirmanten og ein av foreldra under på ein samarbeidskontrakt med kyrkjelyden som blant anna inneheld ordensreglar for konfirmasjonstida.

Tysdag 12. juni		Torsdag 14. juni	
A	17:00	Li-Lå	17:00
Be-Bi	17:20	M	17:20
Bj-Bå	17:30	N	17:40
C-D	17:45	O-Q	17:50
E	18:00	R	17:55
F	18:15	Sa-Sl	18:15
G	18:35	Sm-Så	18:35
Ha-Hj	18:50	T	18:55
Ho-Hå	19:10	U-V	19:15
I-J	19:25	W	19:25
K	19:35	X-Å	19:35
La-Le	19:45		

Det er OK å komme på eit anna tidspunkt så lenge dei fleste kjem innom i oppsett tidsrom.

ØKONOMI

Prisen for dei ulike opplegga er satt så lav som mogleg, men kan likevel vere ei utfordring for nokre familiar. Vi ønsker ikkje at økonomi skal vere eit hinder for å vere konfirmant. Ta kontakt med **dagleg leiar Hans Roar Aas** hans.roar.aas@kirken-aalesund.no med spørsmål om tilpassa innbetaling eller fritak frå betaling.

KONTAKTINFORMASJON

kateket Jon Ivar Tønnesen:

Telefon: 70 16 53 73 / 94 53 99 06 E-post: jon.ivar.tonnesen@kirken-aalesund.no

Følg konfirmasjonstida på <https://www.facebook.com/Spjelkavikkonf.2019/>

Informasjonen vi legg ut på facebook er også synleg på nettsida vår:

spjelkavik.menighet.no/konfirmasjon.